

# Etiske Retningslinjer for Leverandørar

## Lerum AS





## Innleiing

Lerum AS jobbar for å fremja gode arbeids- og miljøtilhøve i leverandørkjedene våre. Dette ønskjer vi å gjera i nære samarbeid med leverandørane og samarbeidspartnerane våre. For å tydeleg- gjera kva vi ventar av leverandørane våre, har Lerum AS utarbeidd retningslinjer for etisk handel. Retningslinjene dekkar grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og antikorrasjon i leverandørkjeda.

Lerum AS er medlem i Etisk handel Norge. Etisk handel Norge er ein medlemsorganisasjon for organisasjonar og private og offentlege verksemder og ein pådrivar og eit ressurssenter for etisk handel. Lerum AS rapporterer til Etisk handel Norge på progresjon i arbeidet vårt med etisk handel, og denne rapporten er offentleg tilgjengeleg.

## Prinsipp

Varer og tenester som leverandørane våre skal levera til Lerum AS, skal vera produserte i samsvar med retningslinjene. Leverandørane skal også vidareformidla og følgja opp retningslinjene hos sine underleverandørar.

På oppfordring frå Lerum AS må leverandøren kunna dokumentera korleis dei sjølv, og eventuelt underleverandørar, arbeider for å etterleve retningslinjene. Det kan gjerast ved eigen-erklæring, oppfølgingssamtaler med Lerum AS og/eller kartlegging av arbeidstilhøva på produksjonsstaden. Dersom Lerum AS ønsker å kartleggja ein underleverandør, er leverandøren pliktig til å oppgi aktuelt namn og kontakt-informasjon.

Ved brot på dei etiske retningslinjene vil Lerum AS i samarbeid med leverandøren laga ein plan for utbetriring av manglane. Utbetriringa skal skje innan rimeleg tid. Heving av kontrakt vil berre førekoma dersom leverandøren, etter fleire kontakter, ikkje viser vilje til å rette opp i tilhøva.

Våre leverandørar skal ha eit velfungerande system for handtering av klagar knytta til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og korrasjon. Leverandøren skal sørge for at slike klagar kan fremjast av arbeidarar og eksterne parter som lokalsamfunn og sivilsamfunnsorganisasjonar.

Sosiale og miljømessige standardar vil verta tillagt vekt ved val av nye leverandørar.

## Krav til eiga verksemd

Lerum AS vil kontinuerleg arbeida for å betra eigen policy og praksis som kan medverka til at leverandørane rettar seg etter retningslinjene våre for etisk handel.

Lerum AS, inkludert alle tilsette, skal aldri tilby eller motta ulovlege eller urettmessige pengegåver eller anna godtgjersle for å oppnå forretningmessige eller private fordelar for eigen del eller fordelar for kundar, agentar eller leverandørar (Sjå punkt 2.4 Etiske retningslinjer for Lerum).

Lerum AS og Lerum AS sine leverandørar skal unngå handelspartnerar som har aktivitetar i land det er brei internasjonal oppslutnad om at bør boikottast.



## Krav til produksjonstilhøve

Retningslinjene er baserte på internasjonalt allment godtekne FN- og ILO-konvensjonar og gjev minimumsstandardar. Arbeids-lovgjevinga på produksjonsstaden skal respekterast. Der nasjonale lover og reguleringar dekker same tema som desse retningslinjene, skal den høgste standarden alltid gjelda.

### 1. Tvangsarbeid/slavearbeit

(ILO konvensjon nr. 29 og 105)

1.1 Det skal ikkje gå føre seg noko form tvangsarbeid, slavearbeit eller ufrivillig arbeid.

1.2 Arbeidarane må ikkje levera depositum eller identitetspapir til arbeidsgivar og skal vera frie til å avslutte arbeidsforholdet med rimeleg oppseiingstid.

### 2. Fagorganisering og kollektive forhandlingar

(ILO konvensjon nr. 87, 98 og 135 og 154)

2.1 Arbeidarane skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar etter eige val og til å forhandla kollektivt. Arbeidsgivar skal ikkje blanda seg inn i, eller hindra eller motarbeida fagorganisering eller kollektive forhandlingar.

2.2 Arbeidsgivaren skal ikkje diskriminera fagforeningsrepresentantar, eller hindre dei i å utføra fagforeningsarbeidet sitt.

2.3 Dersom disse rettane er avgrensa ved lov, skal arbeidsgivaren leggja til rette for, og ikkje i noko tilfelle hindra, parallelle mekanismar for fri og uavhengig organisering og forhandling.

### 3. Barnearbeid

(FNs konvensjon om born sine rettar, ILO konvensjonar nr 138, 182 og 79, ILO anbefaling nr 146)

3.1 Minstealder for arbeidarar skal ikkje vera lågare enn 15 år og i tråd med

- nasjonal minstealder for tilsetting, eller
  - minstealder for obligatorisk skulegang
- med høgste alder som gjeldande. Dersom minstealder er sett til 14 år i tråd med unnataket i ILO-konvensjon 138, kan dette aksepteras.

3.2 Nyrekryttering av barnearbeidrarar i strid med ovannemnde minstealder skal ikkje finna stad.

3.3 Born under 18 år skal ikkje utføra arbeid som set helsa deira eller tryggleiken eller moralen deira i fare, inkludert nattarbeid.

3.4 Det skal etablerast handlingsplanar for snarleg utfasing av barnearbeid som er i strid med ILO-konvensjonane 138 og 182. Handlingsplanane skal dokumenterast og kommuniserast til relevant personale og andre interessentar. Det skal leggjast til rette for støtteordningar med tanke på livsopphald og utdanning fram til barnet ikkje lenger er i skulepliktig alder.



#### **4. Diskriminering**

(ILO konvensjonar nr 100 og 111 og FNs kvinnediskrimineringskonvensjon)

- 4.1 Det skal ikkje førekoma diskriminering i arbeidslivet basert på etnisitet, religion, alder, uføre, kjønn, ekteskaps-status, seksuell orientering, fagforeningsmedlemskap eller politisk orientering
- 4.2 Det skal etablerast vern mot seksuelt påtrengjande, truande, fornærmande eller utnyttande åferd og mot diskriminering eller oppseiling på usakleg grunnlag, for eksempel ekteskap, graviditet, foreldrestand eller status som HIV-smitta.

#### **5. Brutal behandling**

(FNs konvensjon om sivile og politiske rettar, art. 7)

- 5.1 Fysisk mishandling eller avstraffing, eller trussel om fysisk mishandling skal vera forbode. Det same gjeld seksuelt eller anna misbruk, og ulike former for audmjukingar.

#### **6. Helse, miljø og tryggleik**

(ILO konvensjon nr. 155 og anbefaling nr. 164)

- 6.1 Det skal arbeidast for å skaffa arbeidarane eit trygt og sunt arbeidsmiljø. Farlege kjemikaliar og andre stoff skal handsamast forsvarleg. Nødvendige tiltak skal setjast i verk for å hindra og minimera ulykker og helseskader som resultat av, eller relatert til tilhøve på arbeidsplassen.
- 6.2 Arbeidarane skal ha jamnleg og dokumentert opplæring i helse og tryggleik. Helse og tryggleiks-opplæring skal gjentakast for nytilsette og omplasserte arbeidarar.
- 6.3 Arbeidarane skal ha tilgang til reine sanitær-fasilitetar og reint drikkevatn. Dersom relevant, skal arbeidsgivar også sørja for tilgang til fasilitetar for helsesikker oppbevaring av mat.
- 6.4 Dersom arbeidsgivar stiller løsji, skal dette vera rent, sikkert og tilstrekkeleg ventilert og med tilgang til reine sanitær-fasilitetar og reint drikkevatn.

#### **7. Løn**

(ILO konvensjon nr 131)

- 7.1 Løn til arbeidarane skal minst vera i tråd med nasjonale minste-løns-vedtekter eller industrien sin standard, og alltid tilstrekkeleg til å dekka grunnleggjande behov *pluss litt ekstra til sparing eller uventa utgifter*.
- 7.2 Lønsforhold og utbetaling av løn skal vera skriftleg avtalefesta før arbeid vert påbegynt. Avtalen skal vera forståeleg for arbeidaren.
- 7.3 Frå-trekk i løn som disciplinærreaksjon skal ikkje tillatast.

#### **8. Arbeidstid**

(ILO konvensjon nr 1 og 14)

- 8.1 Arbeidstida skal vera i tråd med nasjonale lover eller industrien sin standard, og ikkje overstiga arbeidstid i samsvar med gjeldande internasjonale konvensjonar. Ein rår til at arbeidstid per veka ikkje overstig 48 timer (8 timer per dag).
- 8.2 Arbeidarane skal ha minst 1 fridag i veka.



8.3 Overtid skal vere avgrensa og frivillig. Tiltrådd maksimum overtid er 12 timer per veke – dvs samla arbeidstid på 60 timer per veke. Unnatak frå dette kan aksepterast dersom det er regulert av kollektiv avtale eller nasjonal lov.

8.4 Arbeidarane skal alltid ha overtidstillegg, minimum i tråd med gjeldande lover.

## **9. Regulære tilsettingar**

(ILO konvensjon nr. 95, 158, 175, 177, 181)

9.1 Plikter overfor arbeidarane, i tråd med internasjonale konvensjonar og/eller nasjonale lover og reglar om regulære tilsettingar skal ikkje omgåast gjennom bruk av korttidsengasjement (som bruk av kontra lausarbeidarar, lausarbeidarar og dagarbeidarar), underkontraktørar eller andre arbeids-relasjonar.

9.2 Alle arbeidarar har krav på arbeidskontrakt på eit språk dei forstår.

9.3 Lærlingprogram skal vere klart definert med omsyn til varigheit og innhald.

## **10. Marginaliserte folkegrupper**

(FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter, art. 1 og 2)

10.1 Produksjonen, og uttaket av råvarer til produksjonen, skal ikkje medverka til å øydeleggja ressurs- og inntektsgrunnlag for marginaliserte folkegrupper, for eksempel ved å leggja beslag på store landareal eller andre naturressursar som desse folkegruppene er avhengig av.

## **11. Miljø**

11.1 Tiltak for å redusera negative effektar på helse og miljø i heile verdikjeda skal gjennomførast gjennom minimering av utslepp, effektiv og bærekraftig ressursbruk – inkludert energi og vatn – og minimering av drivhusgassutslepp i produksjon og transport. Lokalmiljøet på produksjonsstaden skal det ikkje drivast rovdrift på, og det må ikkje verta skadd av forureining.

11.2 Nasjonal og internasjonal lovgjeving og -reguleringar skal overhaldast og relevante utsleppsløyve skal innhentast.

## **12. Korruption**

12.1 Alle former for muting er uakzeptabelt – inkludert bruken av alternative kanalar for å sikra illegitime privat eller arbeidsrelaterte fordelar til kundar, agentar, kontraktørar, leverandørar eller tilsette eller offentlege tenestemenn/-kvinner.

## **13. Leiingssystem hos leverandørar**

Leiingssystem er sentralt for implementering av etiske retningslinjer. Lerum AS understrekar koriktig det er at leverandøren har system som støttar implementeringa av desse.

13.1 Leverandøren bør peika ut ein ansvarleg, sentralt i organisasjonen, for implementering av dei etiske retningslinjene i eiga verksemnd.

13.2 Leverandøren skal gjera retningslinjene kjende i alle relevante delar av organisasjonen.

13.3 Leverandøren skal innhente førehandssamtykke frå Lerum AS før outsourcing av produksjon, eller deler av produksjon.



- 13.4 Leverandøren skal kunna gjera greie for kvar varer som er bestilt av Lerum AS, vert produserte.

#### **14. Transport av gods for Lerum AS**

Alle lastebilar som transporterer varer til eller frå Lerum AS på norske vintervegar, må vere utstyrt for å takle dei utfordringar dette gir.

- 14.1 Statens Vegvesen krev at lastebilar skal vere utstyrt med gode vinterdekk, med minimum 5 mm mørnsterdjupn, på både trekkvogn og hengar. I tillegg skal det bringast med minimum 7 snøkjettingar tilpassa hjula.
- 14.2 Sjåføren må ha erfaring med å køyre på vintervegar i Noreg, og være i stand til å nytte snøkjettingane om dette skulle være naudsynt.
- 14.3 Alle lastebilar må oppfylle reglar og krav som norske myndigheter har bestemt , og sjåførane skal følgje desse når dei kører i Noreg.

